

1. Sunnhordlandsruta: Sunnhordlandsruta som går kl 16.10 frå Bergen sentrum har lenge hatt kapasitetmangel, og det står ofte passasjerar att på kaien både i Bergen og på Flesland fredagar. Eg har tatt dette opp både i utvalsmøte og fylkestinget før, og ynskjer ei oppdatering på arbeidet med å løyse denne utfordringa. Det har vore skissert fleire ulike løysingar for å få større båt, fleire avgangar eller avlastingsbåt.

Spørsmål:

- a. Korleis ligg dette arbeidet no? Kva er blitt gjort og kortid kan me forvente ei løysing?
 - b. Har det vore drøfta om det er mogleg å inngå eit samarbeid med Rødnebåten, slik at Rosendalruta går innom Hufthamar før turen går vidare til Tysnes?

2. Innfartsparkering på Hufthamar: Parkeringsplassen på ferjekaien/snøggbåtkaien på Hufthamar er dei siste åra blitt redusert med om lag 20 parkeringsplassar, då parkeringsplassane nede på kaien vart gjort om til busshaldeplass. Sist eg spurte om desse, fekk eg til svar at dei skulle på plass att, og dette er ikkje skjedd. I tillegg ser me for oss at når autopassordninga trer i kraft, behovet for parkeringsplasser auke, ettersom fleire vil reise kollektivt. Allereie no ser vi at bilar står parkerte i ferjefeltet eller langs med vegen, fordi parkeringsplassen er full.

Spørsmål: Er det planar om å utvide parkeringsplassen på Hufthamar i nærmeste framtid?